



**TRADISJONSMUSIKK:** I Emigrantkyrkja var det konsert med Kristoffer Kleiveland på toradar og Maria Toppe på hardingfele. Foto: Øyvind Johnsen

## Frå Vikingland til Amerika på Sletta


**RADØY: 150 menneske fann vegen til Vestnorsk utvandringssenter sist søndag.**

Av Silje Sæterdal Bøyum  
silje@strilen.no

Vestnorsk utvandringssenter baud på tidsreise «Frå vikingland til Amerika» i helga, i samarbeid med Viking- og mellomalderdagane på Lygra. Dei som kom til Sletta, kunne boltra seg med mange utstillingar. Sy indianarveske med perlepynt, sjå flintknakking, prøva gullgraving, og pil- og bogeskyting, i tillegg til at det var liv i alle emigranthusa. I Emigrantkyrkja var det konsert, og om ein ville til vikingtida, var det berre til å ta seg ein tur med D/S Oster, som skyssa folk mellom Sletta og Lygra.



**PERLEFINT:** Dei som ville, kunne laga seg ei lita skinnveske med perlepynt.



**PÅ LEGEKONTORET:** Reiskap som vart brukt til skrekk og nytte blant emigrantane, kan ein no sjå i glasmonter på legekantoret til Dr. J. C. Serkland på Sletta.



**STEIN OG GEVIR:** Kutschera brukar slagreiskap som folk i steinalderen hadde tilgang på. Steinen brukar han til grovhogging og opprydding av kantane rundt emnet.



**FLINTSMED:** Morten Kutschera kasta seg i knakkinga under arkeologistudia. I dag er han ein av få i Norden som kan kunsten å skapa reiskap av flint.



**PÅ PRÆRIEN:** Børje Møster underviste i bogeskyting, på «prærien» mellom landsbyen og kyrkja.

# Knakkande

**RADØY:** Flintsmed Morten Kutschera var på Sletta søndag for å visa korleis Noreg og Amerika har ei felles kulturhistorie i flint.

Av Silje Sæterdal Bøyum  
silje@strilen.no

– Her ser du eksempel på steinalderreiskap frå Noreg og Amerika. I Amerika dette vore eit levande handverk for å laga spyd- og pilspissar hjå indianarstammar fram til for 150 år sidan. Fram til då, laga dei spydspissar og pilspissar på denne måten. I Noreg laga me desse for 2-3.000 år sidan, så det er takka vera indianarstammene at me i

dag veit korleis dei tilverka desse reiskapane, seier Morten Kutschera.

### Blodet rann

Han er arkeolog og flintsmed, og i helga viste han villeg fram teknikkane til alle som ville sjå og prøva sjølv. Ein av dei som fekk prøva var Jakob Herland Pletten (7).

– Det var gøy. Eg fekk laga ein kniv og den var skarp, seier Jakob med eit smil og ein blodig finger.

At flinten var skarp fekk fleire erfara, men ingen var sure for det. Kutschera viste også korleis ein får ut ein meir avansert flintdolk frå eit emne.

### Angrip med rullestein

– Du begynner med eit ganske stort stykke flint, for å laga ein flintdolk. Det er gjerer å tynna



**VIKINGLAND OG AMERIKA:** Vestnorsk Utvandringssenter samarbeidde med Nordhordland Frie Vikingar og Lyngheiseretret på Lygra for å skapa samanheng mellom emigrantliv og vikingtid i helga.

# god på flint

denne flintknollen her. Då begynner eg ved å grovhogga med ein rund stein, ein heilt vanleg rullestein, så hogg eg flinten så flat som muleg. Det er alltid greitt å begynna med ein stein og avslutta med andre reiskap.

## Hammar av gevir

– Det er naturleg å bruka ein stor hammar, av eit gevir frå eit av hjortedyra våre, av elg, reinsdyr eller hjort. Her har eg eit tungt hjortegevir som eg brukar, seier han og hogg seg rundt emnet.

– Gevir er utruleg hardt og seigt. Det er rett og slett eit fantastisk sterkt materiale. Du kan jo tenka deg to store bukkar som brakar saman i høg hastigheit. Når geviret toler den samanstøyten, så har sikkert steinalderfolket merka seg at dette er solide greier.



**ULIK STIL, SAME TEKNIKK:** Øvst i bildet er eksempel på sigd, flintdolk og pilspissar lik dei som var brukt i Noreg for 2-3.000 år sidan. Flintreiskapa nedst i bildet er pilspissar, spydspiss og eit dolk lik dei som har vore laga i Amerika opp til våre dagar.

## Vinkelen er viktig

– Det er viktig å ha riktig vinkel på slaget når du skal slå av eit stykke, slik at overflata på emnet held seg konveks. Elles stoppar slaga. Så går eg forsiktig rundt og jamnar ut kanten, seier han og brukar rullesteinen til dette.

Flintemnet vert stadig tynnare og jamnare. Han ryddar opp kantane nøye, sjølv om dette vert hogd bort få minutt seinare.

– Det er viktig å vera nøye, for viss eg gjer feil no, så forplantar feilen seg heile vegen vidare. Det er grådig viktig å følgja dei rette stega og gå systematisk til verks. Ein kan ikkje tillata seg å gjera for mange feil, for det får konsekvensar.

## – Ikkje hamra laus

Nokre av slagstykkja er gode



– **GØY:** Jakob (7) og Ella (3) Herland Pletten koste seg på utvandringssenteret laurdag.

som emne til pilspissar og andre reiskap. Han vekslar mellom gevirhammaren og steinen som reiskap.

– Det er om å gjera å ikkje lata seg freista til å hamra laus, seier han.

Han har drive med flint som dette i 25 år. Kutschera fatta interessa for flint på arkeologistudiet, fordi han ville forstå seg betre på det arkeologiske materialet.

## 500 kilo i året

Han vart meir og meir hekta, det vart ein hobby og ein del av jobben. No knakkar Kutschera seg gjennom om lag 500 kilo flint i året, vel å merke med litt hjelp frå folk han har på kurs.

– No gjeld det å tynna godt, seier han og slår så flinten sprutar.